

**Fleire Uskedals-lag brukar Vipps.**

18.11.2017

Dei fleste i bygda har nok registrert at dei kan betala med mobiltelefonen og Vipps når dei kjøper adventskalendar hos Uskedal skulemusikk. Fleire andre lag har og teke i bruk denne lettvinde og praktiske betalingsordninga. Vi kjenner til at i alle fall idrettslaget, båtlaget og Uskedal Utvikling er blant dei. Også Uskedal sokneråd har no Vipps. Nokre meiner kanskje det er unødvendig, men faktisk har soknerådet hatt spørsmål om Vipps frå utanbygds gjester som har ønskt å gje gåve ved utgang etter arrangement. Privatpersonar kan enkelt lasta ned appen gratis.

tid